



Det er noko stillferdig og sympatisk ved Sonja Siltala si fotobok *Tunturin ja meren kansa/ Fjellets og havets folk*. Kvensk kultur fortener eit slikt praktverk.

Her dukkar det opp nokre foto som tydeleg átvarar oss om kva som skjer når vi ikkje tek vare på rotene våre. Det er bilete frå Nord-Varanger som minner oss om at ein heil kyst med nokre få unntak frå Skjervøy og nordover er under avfolkning. Fotografa fortel samstundes om eit folk som var her, og som fann grunnlag for å byggja ein grunnmur for etterkomarane. Det er slett ikkje melankolien over Ruija, havlandet, det handlar om.

Sonja Siltala freistar ikkje leike antropolog når ho skildrar det folket ho høyrer til.

Møte, minne og melankoli

Sonja Siltala

*Tunturin ja meren kansa/
Fjellets og havets folk*

Trane forlag, Vadsø 2007, 213 s.

Ved hjelp av kamera fortel ho oss om møter med finskætta menneske som sikkert kallar seg både kvenar og finnar. Ho går stille fram i landskapet mellom Pasvik og Varanger i nordøst og Nordreisa og Storfjord lengre vest. Ho teiknar landskap og peiker på menneske, dei er ikkje anonyme, dei er tydelege utan å trengje seg på.

Å portrettere menneske er ein kunst, men Sonja Siltala har makt i si hand til å la menneska vere seg sjølve. Filosofen Levinas har sagt noko viktig om å sjå den andre sitt andlet, for å forstå og gå vidare. Siltala syner oss menneske i arbeid, på fritida og i fest. Ho held ikkje berre eit auge med eldre, også born trer fram slik at vi forstår at det handlar om ein levande kultur.

Mange hugsar Samuli Paulaharju som skreiv vakkert om innvandarane i *Ruijan suomalaisia* (1928)/ *Finnmarkens folk*

(1973). Sonja Siltala held fram med det arbeidet som Paulaharju dreiv. Men ho går vidare med sine levande foto. Utvalet er rikt, variert og artistisk. Melankolien fornekta seg ikkje, i tillegg kjem humoren, og er du på utkikk etter sisu, så finn du det også.

Einar Niemi har forfatta ei instruktiv innleiing der han med god grunn refsar norsk politikk andsynes dette iherdige folket. Han peikar på den strenge rangordninga i norsk etno- politikk og skriv om «den nesten uforsståelige usynliggjøringa som myndighetene fortsatt praktiserer overfor kvenene».

Boka frå Sonja Siltala stadfestar at vi har med ein raus fotograf å gjera. Vi flyttar oss frå bygd og landskap i fin balanse med menneska i hovudrolla. Fotografen har sjølv skrivne eit etterord om fotograferingsarbeidet, og sluttar det heile med eit symbolsk dikt:

*Fordi stien er dekt av sno og is
går jeg ved siden av,
og likevel langs stien.*